



Pensjonistforbundet

2023-2026

Vedtekter

for Pensjonistforbundet og fylkesforeiningane

Retningsliner for lokalforeiningane

Nynorsk



Pensjonistforbundet

Torggata 15

0180 Oslo

Postadresse

Postboks 6714, St. Olavs plass

0130 Oslo

Tlf: 22 34 87 70

E-post: pf@pensjonistforbundet.no

www.pensjonistforbundet.no

Følg oss også på Facebook:

www.facebook.com/pensjonistforbundet

Innhald

§1.	Føremål.....	4
§2.	Medlemskap	4
§3.	Direktemedlemskap	5
§4.	Kollektiv tilslutnad	5
§5.	Fylkes- og lokalforeiningane.....	5
§6.	Sentrals organ i Pensjonistforbundet.....	6
§7.	Landsmøtet.....	6
§8.	Ekstraordinært landsmøte	9
§9.	Landsstyret.....	9
§10.	Sentralstyret.....	10
§11.	Kontingent.....	11
§12.	Kontrollkomiteen.....	11
§13.	Revisjon.....	11
§14.	Pensjonistforbundets faste og rådgjevandeutval	12
§15.	Pensjonistforbundet sin administrasjon.....	13
§16.	Alminnelege reglar	13
§17.	Opplysing - Utmelding.....	14
§18.	Medlemsbladet.....	15
§19.	Ikrafttreding	15
 Vedtekter Pensjonistforbundet		
§1 – §8.....		16
 Retningslinjer for foreiningar knytte til Pensjonistforbundet:		
§1 – §13.....		19
Avstemmingsreglar.....		22

VEDTEKTER

for perioden 2023-2026

Vedteke på Pensjonistforbundets landsmøte 29.5-1.6 2023

§ 1 Føremål

Pensjonistforbundet (Pf) er ein partipolitisk uavhengig og livssynsopen, landsomfattande organisasjon i eit ope samfunn. Føremålet er å samle alle pensjonistar i eitt forbund for dermed å stå sterkare saman.

Pensjonistforbundet skal vareta medlemmene sine sosiale, økonomiske, helsepolitiske og kulturelle interesser.

Pensjonistforbundet skal arbeide for å skape best moglege forhold for pensjonistane, og for at stillinga deira i samfunnet ska bli styrkt.

For å fremje desse føremåla skal Pensjonistforbundet:

- a) Arbeide aktivt gjennom dei valde organa sine på sentralt plan, i fylkesforeiningane og i lokalforeiningane.
- b) Føre forhandlingar/drøftingar med representantar for regjeringa i samsvar med avtalt regelverk.
- c) Spreie informasjon om pensjonistane si stilling i samfunnet vårt.
- d) Arbeide for at pensjonistforeiningar som ikkje er tilslutta Pensjonistforbundet, søker slik tilslutnad.
- e) Samarbeide med offentlege og private organisasjonar, styre, råd og utval som har som føremål å arbeide for å betre pensjonistane si stilling.

§ 2 Medlemskap

Pensjonistforbundet tar etter søknad opp som medlem alle foreiningar av pensjonistar som godkjenner Pensjonistforbundet sine vedtekter og i samsvar med desse vil arbeide for Pensjonistforbundet sine mål. Foreiningane pliktar seg til å vere

tilslutta fylkesforeininga i det fylket der foreininga arbeider med alle medlemmene sine. Foreiningar som arbeider i fleire fylke, sluttar seg til fylkesforeininga i det fylket der foreininga har mest omfattande arbeid. I tvilstilfelle avgjer sentralstyret i Pensjonistforbundet kva for fylkesforeining foreininga skal vere tilslutta. Sentralstyret si avgjerd kan klagast inn til landsstyret, som avgjer saka med bindande verknad.

§ 3 Direktemedlemskap

Enkeltpersonar, uansett alder, kan takast opp som direkte-medlem, og skal knytast til fylkesforeininga i det fylket der dei bur. Direktebetalande medlemmer kan veljast til tillitsverv, men må ikkje utgjere eit fleirtal i noko organ.

§ 4 Kollektiv tilslutnad

Landsomfattande yrkesorganisasjonar som har pensjonistar som medlemmer, og landsomfattande pensjonistforbund, kan takast opp kollektivt i Pensjonistforbundet.

Kontingent for kollektivt tilmelde organisasjonar skal betalast inn samla og direkte til Pensjonistforbundet for det talet på pensjonistar som er omfatta av tilslutnaden.

Pensjonistar som er omfatta av kollektivt medlemskap, har rett til medlemskap med fulle rettar i dei lokale foreiningane i Pensjonistforbundet, og betaler då den kontingentdelen som er fastsett, jf. § 11 i Pensjonistforbundet sine vedtekter.

§ 5 Fylkes- og lokalforeiningane

- a) Pensjonistforbundet er organisatorisk bygd opp gjennom dei einskilde foreiningane (lokalforeiningar) som i eit fylke utgjer fylkesforeininga.
- b) Lokalforeiningane har fullt sjølvstyre og er sjølvstendige juridiske einingar.
- c) Der Pensjonistforbundet har fleire foreiningar opp mot same

komune, kan ein etablere samarbeidsutval for å styrke og samordne det eldrepolitiske arbeidet.

- d) To eller fleire foreiningar kan slå seg saman. I slike tilfelle følgjer aktiva (eigedelane) i foreiningane det gjeld med over i den nye foreininga. Samanslåinga blir avgjort av årsmøtet – eventuelt ekstraordinært årsmøte, separat i kvar foreining. Blir det tilslutnad til samanslåing, skal den nye foreininga seinast innan éin månad halde konstituerande møte. Det konstituerande møtet fastset namnet på den nye foreininga, i tråd med § 2 i retningslinene for lokalforeiningane.
- e) Det konstituerande årsmøtet vel styre med funksjonstid fram til det første ordinære årsmøtet.
- f) Melding om samanslåinga, namnet på den nye foreininga, samansetjinga i det nye styret med adresser og medlemsliste, skal innan ein månad sendast til fylkesforeininga i Pensjonistforbundet og til Pensjonistforbundet sentralt.

§ 6 Sentrale organ i Pensjonistforbundet

- Landsmøtet
- Landsstyret
- Sentralstyret

§ 7 Landsmøtet

1. Landsmøtet er det høgaste styringsorganet i Pensjonistforbundet. Landsmøtet blir halde kvart 3. år, og skal vere avvikla i løpet av juni månad.
2. Innkalling til landsmøtet skal sendast frå landsstyret seinast seks månader før landsmøtet skal haldast.
3. Forslag til landsmøtet må sendast frå foreiningane til styret i fylkesforeininga innan 30. september året før landsmøtet skal haldast. Styret i fylkesforeininga behandlar alle forslag frå foreiningane. Styret i fylkesforeininga har også rett til å fremje

eigne forslag til landsmøtet. Alle forslag med innstilling frå styret i fylkesforeininga, og frå kollektivt tilslutta organisasjonar, skal sendast til Pensjonist forbundet seinast 31. oktober året før landsmøtet skal haldast.

- 4.** Landsstyret sitt forslag til dagsorden for landsmøtet, forretningsorden, årsmelding og rekneskap for landsmøteperioden, innkomne forslag, og handlingsprogram for neste landsmøteperiode med innstilling frå landsstyret, skal sendast til fylkesforeiningane og dei kollektivt tilslutta organisasjonane innan utgangen av februar månad det året landsmøtet skal haldast. Innkomne forslag til landsmøtet skal sendast ut som eige vedlegg samtidig med innstilling frå landsstyret.
- 5.** Landsmøtet består av 120 delegatar valde av fylkesforeiningane på årsmøta som skal haldast i mars månad same året som landsmøtet blir halde. I tillegg kjem dei delegatane som er valde av dei kollektivt tilmelde organisasjonane.
- 6.** Alle foreiningar har rett til å foreslå delegatar og varadelegatar til landsmøtet.
- 7.** Alle fylkesforeiningane får tre delegatar (grunnrepresentasjon). Dei resterande delegatane blir fordelt i forhold til kor mange medlemmer det er som overstig 3000 – tretusen, og som har betalt kontingenenten sin innanfor dei fastsette fristane (jf. § 11). I tillegg skal det veljast like mange varadelegatar som talet på faste delegatar. Desse møter på landsmøtet berre i dei tilfella der den valde delegaten har forfall. Val av delegatar og varadelegatar skjer ved open voting. Dersom meir enn 1/3 av dei frammette med røysterett ber om det, skal det vere skriftleg avrøysting. Ved vala gjeld absolutt fleirtal. Ved likt røystetal skal det vere loddtrekking. Landsstyret sender melding til fylkesforeiningane i oktober i året før landsmøtet om kor mange delegatar det skal veljast. Styret i fylkesforeininga sender melding til landsstyret snarast råd og seinast 15. april same året som landsmøtet skal haldast, med melding om namn og

nøyaktig adresse på alle delegatar og varadelegatar. Kollektivt tilslutta organisasjonar deltar på landsmøtet med ein delegat for kvar påbyrja 5000 - fem tusen - medlemmer, maksimum fjorten delegatar for kvar kollektivt tilmelde organisasjon.

8. Landsstyret sine medlemmer møter på landsmøtet med tale-, forslags- og røysterett unntatt ved voteringar om godkjenning av årsmeldingar, rekneskapar og andre saker som inneber ansvarsfritak for sentralstyret og landsstyret i Pensjonistforbundet.
9. Generalsekretæren har talerett.
10. Fullmaktskomiteen blir vald av landsstyret. Vala skal gjerast etter at fylka har valt delegatane sine til landsmøtet. Fullmaktskomiteen skal granske fullmaktene til delegatane. Han har tre medlemmer, av dei ein representant frå landsstyret og to blant representantane til landsmøtet.
11. Valkomiteen blir vald av landsstyret minst eitt år før landsmøtet. Valkomiteen har ni medlemmer valde av Pensjonistforbundet, og ein representant vald av Fag forbundet. Valkomiteen skal ha innstillinga si klar 1 – éin - månad før landsmøtet blir opna. Innstillinga skal sendast til landsmøtedelegatane med røysterett.
12. Sentralstyret skal veljast av landsmøtet og har ni medlemmer:
 - a) Leiari i Pensjonistforbundet.
 - b) 1. nestleiar.
 - c) 2. nestleiar.
 - d) Fire styremedlemmer og fire varamedlemmer, alle skal veljast på fritt grunnlag.
 - e) Fagforbundet vel to medlemmer med varamedlemmer.
 - f) Leiari, 1. nestleiar og 2. nestleiar i Pensjonistforbundet skal veljast ved særskilde val.
 - g) Ved alle val krevst det absolutt fleirtal. Dersom ein ikkje oppnår absolutt fleirtal ved første gongs avrøysting, skal det gjerast

bunde omval mellom dei to kandidatane som har høgast røystetal. Dersom det ved siste avrøysting blir likt røystetal, skal det trekkjast lodd mellom dei to kandidatane.

13. Kontrollkomiteen blir vald av landsmøtet og er på tre medlemmer og to varamedlemmer.

§ 8 Ekstraordinært landsmøte

Ekstraordinært landsmøte skal kallast inn når sentralstyret eller to tredelar av landsstyret ber om det.

Ekstraordinært landsmøte kan berre behandle det som er grunnlaget for innkallinga. Det er berre dei valde delegatane på siste landsmøte som kan vere delegatar på ekstraordinært landsmøte.

§ 9 Landsstyret

- 1. Landsstyret er det høgaste styringsorganet mellom landsmøta. I landsstyret er sentralstyret og dei til kvar tid fungerande leiarane i fylkesforeiningane, og ein representant frå dei kollektivt tilmelde yrkesorganisasjonane etter følgjande nøkkel:**
 - Kollektivt tilmelde yrkesorganisasjonar med mindre enn 1500 – eittusenfemhundre - medlemmer vel ein felles representant med vararepresentant.
 - Organisasjonar med meir enn 1500 – eittusenfemhundre - medlemmer vel kvar for seg ein representant med vara-representant. Ved innmelding i landsmøteperioden av organisasjonar med meir enn 1500 – eittusenfemhundre - medlemmer gjeld representasjonen frå i nnmeldingstidspunktet.
 - Fagforbundet har åtte medlemmer med varamedlemmer. I tillegg møter ein representant som er vald blant dei tilsette i sekretariat i Pensionistforbundet, og leiaren for det sentrale helseutvalet, med tale- og forslagsrett.
- 2. Nestleiarar i fylkesforeininga er personlege varamedlemmer. Om korkje leiar eller første nestleiar kan møte, trer andre nestleiar inn.**

- 3.** Landsstyret har møte minst tre gonger i året, eller når sentralstyret finn det nødvendig.
- 4.** Landsstyret behandler årsmelding og rekneskap for siste avslutta rekneskapsåret, og budsjettforslag for kommande år. Saker av prinsipiell karakter skal behandlast av landsstyret.
- 5.** Landsstyret avgjør tvistar om tolking av forbundet sine vedtekter og er ankeinstans i alle andre organisasjonssaker.
- 6.** Medlemmene i sentralstyret har røysterett på landsstyremøta i alle saker som ikke gjeld årsmelding og rekneskap.
- 7.** Endeleg dagsorden med sentralstyret si innstilling til alle saker som skal behandlast i landsstyret, skal sendast til medlemmer i landsstyret og fylkesforeiningane seinast to veker før møtet skal haldast. Ved presserande saker kan fristen avvikast.
- 8.** Leiar i Pensjonistforbundet legg til rette og leiar møta i landsstyret. Dersom det i spesielle tilfelle blir rekna som føremålstenleg, kan det veljast eigen møtedirigent.

§ 10 Sentralstyret

- 1.** Sentralstyret har ni medlemmer, av dei to fra Fagforbundet (jf. § 7.12). Sentralstyret i Pensjonistforbundet har den daglege leiinga av verksemda i Pensjonistforbundet. Generalsekretæren er sekretær for sentralstyret. Sentralstyret leiar verksemda i Pensjonistforbundet i samsvar med Pensjonistforbundet sine vedtekter og vedtak på landsmøtet.
- 2.** I sentralstyret deltar alle faste medlemmer med tale-, forslags- og røysterett. I tillegg blir 1. varamedlem kalla inn, og møter med tale- og forslagsrett.
- 3.** Sentralstyret førebur og kallar inn landsstyremøta, behandler løpende saker og gjer vedtak i saker av presserande art når det ikke er tid til å kalle inn landsstyret.
- 4.** Sentralstyret fremjar kvart år budsjettforslag for landsstyret.
- 5.** Sentralstyret leverer årsmelding og årsrekneskap og ser til at rekneskapsføring og forvalting av formue er i samsvar med

reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

6. Sentralstyret vel Pensjonistforbundet sine faste utval og ad hoc-utval med unntak av forhandlingsutvalet (jf. § 14).
7. Sentralstyret skal ha minst åtte møte per kalenderår.

§ 11 Kontingent

1. All innkreving av kontingent blir gjort av Pensjonistforbundet sentralt.
2. Kontingensten er lik for alle typar medlemskap med unntak av kollektivt tilslutta organisasjonar.
3. Kontingensten blir fastsett av landsmøtet og gjeld for landsmøteperioden. Kontingensten for kollektivt tilslutta organisasjonar blir fastsett av landsstyret.
4. Landsstyret får fullmakt til å hente inn ekstraordinær kontingent i spesielle høve.

§ 12 Kontrollkomiteen

1. Kontrollkomiteen er landsmøtet sitt kontrollorgan.
2. Kontrollkomiteen skal i arbeidet sitt følgje dei reglane som er gitt i instruks vedteken av landsstyret.
3. Kontrollkomiteen skal føre protokoll frå møta sine. Protokollen blir sendt til sentralstyret og landsstyret til orientering.
4. Kontrollkomiteen leverer meldinga si til dei organa som behandlar årsmelding og rekneskap.
5. Kontrollkomiteen blir kalla inn til landsstyremøta.

§ 13 Revisjon

1. Revisjon av Pensjonistforbundet sine rekneskap blir utført av registrert revisor.
2. Rekneskap og årsoppgjer skal reviderast i samsvar med god revisjonsskikk.
3. Revisor eller den som revisor peikar ut, pliktar å vere til stades på dei møta i kontrollkomiteen, landsstyret eller landsmøtet der rekneskapane blir behandla/vedtekne.
4. Sentralstyret kan vedta at fylkesforeiningane skal sende rekneskapane sine inn til Pensjonistforbundet for revisjon av Pensjonistforbundet sin revisor.

§ 14 Pensjonistforbundet sine faste og rådgjevande utval

Pensjonistforbundet har følgjande utval:

1. Forhandlingsutval

Sentralstyret er forhandlingsutval ved drøftingar/forhandlingar med regjeringa og berørte fagdepartement. I tillegg møter generalsekretær og så mange rådgjevarar som sentralstyret fastset. Pensjonistforbundet sine fylkesforeiningar og lokalforeiningar, og dei kollektivt tilslutta organisasjonane, kan fremje forslag til saker som skal fremjast i forhandlings-/drøftingsmøta. Forslag til statsbudsjettet frå fylkesforeiningar, lokalforeiningar og dei kollektivt tilslutta organisasjonane må vere sende inn innan 1. oktober – to år før det blir lagt fram for Stortinget. Forslag til statsbudsjettet frå lokalforeiningane skal sendast gjennom fylkesforeininga, som vidaresender dei til Pensjonistforbundet innan utgangen av fristen, og med si tilråding. Sentralstyret behandler alle innkomne forslag til stats- og trygdebudsjettet og gjer dei nødvendige prioriteringane. Protokollen frå forhandlings- og drøftingsmøta skal sendast til organisasjonane.

2. Helseutval

Sentralstyret oppnemner Pensjonistforbundet sitt helseutval, som er på sju medlemmer – av dei to frå Fagforbundet – alle med særleg god innsikt i helseespørsmål. Utvalet gir sentralstyret råd i alle saker av helsepolitisk karakter.

3. Organisasjonsutval

Sentralstyret oppnemner Pensjonistforbundet sitt organisasjonsutval, som er på fem medlemmer med god innsikt i organisasjonsarbeid, under dette vervearbeit. Utvalet gir sentralstyret råd i alle saker om organisasjonsutvikling og koordinering av verveaktivitetar i forbundet.

4. Andre utval

Sentralstyret kan opprette ad hoc-utval.

§ 15 Pensjonistforbundet sin administrasjon

Pensjonistforbundet har hovudkontor i Oslo. Landsstyret fastset talet på stillingar ved kontoret.

Arbeidet ved kontoret blir leia av generalsekretær, som blir tilsett av landsstyret.

Sentralstyret tilset anna personell og fastset lønn innanfor den budsjetttramma som er fastsett. Lønna følgjer reglane i Statens lønnsregulativ. Andre vilkår følgjer den til kvar tid gjeldande tariffavtalen/særavtalen.

§ 16 Alminnelege reglar

- 1.** Pensjonistforbundet og underavdelingane er partipolitisk uavhengige og kan ikkje vere organisatorisk tilslutta eller på andre måtar bundne til noko politisk parti.
- 2.** Dersom ein styremedlem går ut av foreininga eller styret i valperioden, kan styret gjere suppleringsval.
- 3.** Foreiningar som handlar i strid med Pensjonistforbundet sine vedtekter og retningsliner, eller som ved den medvitne handlemåten sin skader Pensjonistforbundet sitt arbeid, kan stengjast ute frå Pensjonistforbundet for ein nærmare fastsett periode. Sentralstyret gjer endeleg vedtak i slike saker etter at styret i fylkesforeininga har uttalt seg i saka.
- 4.** Medlemmer som handlar i strid med foreininga sine retningsliner, Pensjonistforbundet sine vedtekter eller som ved den medvitne handlemåten sin skader foreininga sitt arbeid, kan stengjast ute frå foreininga for ein nærmare fastsett periode, etter at vedkommande har hatt høve til å uttale seg. Medlemmer har rett til å klage på avgjerda til fylkesforeininga og eventuelt anke til landsstyret.
- 5.** Ved behandling av saker om utestenging som nemnt over, kan den eller dei saka gjeld, krevje skriftleg votering.

- 6** Pensjonistforbundets heidersteikn med diplom er ei utmerking som organisasjonen tildeler høgt fortente medlemmer som gjennom verksemda si har lagt ned ein betydeleg innsats for å fremje organisasjonen sine føremål. Vedtak om tildeling kan gjerast av:
- a) Landsmøtet og landsstyret for sentrale medlemmer/tillitsvalde.
 - b) Årsmøtet i fylkesforeininga for lokale medlemmer/tillitsvalde.
 - c) Årsmøtet i lokalforeininga for lokale medlemmer/tillitsvalde.
 - d) Kollektivt tilslutta organisasjoner.

§ 17 Oppløysing - Utmelding

- 1.** I tilfelle ei foreining blir oppløyst, skal eideleane til foreininga, som gjeld arkiv, protokollar og rekneskapar overførast til fylkesforeininga. Sameleis skal foreininga sine aktiva overførast til fylkesforeininga.
Styret i fylkesforeininga set av kontantar og bankinnskot i eige fond som skal nyttast til støtte for nye foreiningar eller foreiningar som på særleg måte er svakstilte. Dersom det blir skipa ny foreining på staden som sluttar seg til fylkesforeininga, skal eideleane førast tilbake til denne foreininga. Dersom det innan 5 - fem - år ikkje er stifta ei ny foreining på staden, går midlane til fylkesforeininga, som avgjer korleis midlane skal nyttast. Eideilar eller aktiva som er tilførte foreininga frå tidlegare arbeidsgjever eller fagforeining, skal tilbakeførast til denne.
- 2.** Eig foreininga hus, fast eideom eller anna ikkje likvid formue, avgjer foreininga, før vedtak om oppløysing blir gjort, korleis desse skal disponerast. Dersom dette ikkje er mogleg, må styret i fylkesforeininga behandle saka. Dersom eideleane blir overførte til ei foreining eller ein institusjon på staden, må disponeringa på førehand godkjennast av sentralstyret (jf. retningslinjer for foreiningane §§ 12 og 13).

- 3.** Utmelding av ei foreining frå Pensjonistforbundet kan berre skje ved vedtak på ordinære årsmøte i foreininga. Vedtaket må ha minst 2/3 fleirtal (jf. retningsliner for foreiningane § 13). Vedtaket skal behandlast i sentralstyret i samråd med fylkesstyret. Utmelding blir sett i verk frå førstkommande årsskifte.
- 4.** Ved utmelding eller opphør av foreiningar får medlemmene tilbod om medlemskap i anna pensjonistforeining eller direkte medlemskap i fylkesforeininga.

§ 18 Medlemsbladet

Pensjonistforbundet gir ut medlemsbladet Pensjonisten, som er eit informasjonsblad for medlemmene. Sentralstyret er ansvarleg for utgivinga av bladet og tilset redaktør, som har redaktøransvar. Det skal setjast ned ein redaksjonskomité som består av fobunds leiar, generalsekretær og kommunikasjonssjef.

Medlemmer og abonentar som har betalt kontingensten sin, får bladet. Sentralstyret fastset abonnementavgifta.

§ 19 Ikrafttreding

Vedtak om endringar i Pensjonistforbundet sine vedtekter krev minst 2/3 fleirtal. Desse vedtektena, vedtekne på landsmøtet 1. juni 2023, trer i kraft straks.

VEDTEKTER

Fylkesforeiningar tilslutta Pensjonistforbundet

- Fylkesforeiningane arbeider etter vedtekter vedtekne av landsmøtet.
- Fylkesforeiningane kan vedta tillegg til vedtektena tilpassa lokale forhold.
- Tillegg må godkjennast av landsstyret.
- Fylkesforeiningane blir kalla: Pensjonistforbundet med tilføying av namnet på fylket.

§ 1 Føremål

Fylkesforeininga har som føremål å samle alle lokale pensjonistforeiningar i fylket til aktivt arbeid for:

- å fremje og vareta medlemmene sine sosiale, helsepolitiske, økonomiske og kulturelle interesser.
- å samle alle pensjonistar i fylket i foreiningar.
- å hjelpe til med å skipe nye lokalforeiningar i fylket.
- å få pensjonistforeiningar som ikkje er tilslutta Pensjonistforbundet, til å slutte seg til fylkesforeininga.
- å hjelpe foreiningane i saker som gjeld organisasjon og rekneskap.
- å søkje samarbeid med offentlege organ og private instansar og organisasjonar i fylket.

§2 Årsmøtet

1. Årsmøte i fylkesforeininga skal haldast i mars månad kvart år. Årsmøtet skal kunngjera med minst fire vekers varsel.

I tilfelle der dette er vanskeleg, må det søkjast om dispensasjon frå sentralstyret i Pensjonistforbundet. Det skal veljast ein delegat for kvart påbyrja 100 – hundre - medlemmer, men ikkje meir enn tre delegatar frå kvar foreining.

Store foreiningar kan i tillegg til grunnrepresentasjonen på tre

- delegatar få ytterlegare representasjon for kvart påbyrja 1000 – eit tusen - ut over dei første tusen medlemmene, avgrensa til inntil tre nye delegatar og maksimalt seks delegatar.
- 2. Innkalling til årsmøtet, saman med årsmelding, revidert rekneskap, forslag til budsjett, innkomne forslag og dagsorden skal sendast til foreiningane minst to veker før årsmøtet skal haldast.
 - 3. Årsmøtet vel styre i fylkesforeininga som består av leiar, 1. og 2. nestleiar, fire styremedlemmer og tre varamedlemmer. Ein av styremedlemmene kan veljast som kasserar.
Vidare vel årsmøtet to revisorar med varamedlemmer og valkomité med tre medlemmer og to varamedlemmer.
Sitjande styremedlemmer kan ikkje veljast til valkomiteen.
Styret og revisor kan veljast for to år om gongen dersom dette er praktisk.
 - 4. Inga lokalforeining kan ha fleirtal i styret i fylkesforeininga.
 - 5. Vala på årsmøtet fylkesforeininga skjer ved absolutt fleirtal, og skriftleg dersom nokon ber om det.
 - 6. Andre saker blir avgjorte ved alminneleg fleirtal.
 - 7. Etter årsmøtet skal årsmelding, årsrekneskap og årsmøte-protokoll sendast til Pensjonistforbundet.

§ 3 Kontingent

Landsmøtet vedtar kontingensten, jf. § 11 i Pensjonistforbundet sine vedtekter.

§ 4 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte skal kallast inn når fylkesstyret eller to tredelar av lokalforeiningane ber om det.

Ekstraordinært årsmøte behandlar berre det som er grunnlaget for innkallinga.

Det er berre dei valde delegatane på siste årsmøtet som kan vere delegatar på ekstraordinært årsmøte.

§ 5 Arbeidsutval

Arbeidsutvalet i fylkesforeininga består av leiar, 1. og 2. nestleiar.

§ 6 Utval

1. Helseutval

Fylkesstyret oppnemner helseutval som består av tre til fire personar med særleg god innsikt i helse- og samfunnsmedisinske spørsmål. Leiar i helseutvalet møter i styret i fylkesforeininga med tale- og forslagsrett. Helseutvalet er eit rådgjevande organ for styret i fylkesforeininga. Helseutvalet arbeider etter rettleiande retningsliner.

2. Verve-/organisasjonsutval

Fylkesstyret oppnemner verve-/organisasjonsutval som består av minst tre personar for kommande valperiode.

Utvalet konstituerer seg sjølv. Utvalet er eit rådgjevande organ for fylkesstyret, og leiar i utvalet møter i fylkesstyret med tale- og forslagsrett.

§ 7 Revisjon

1. Revisorane har revisjon av rekneskapen til ikkje fastsette tider og minst to gonger pr. år. Revisorane skal sjå til at rekneskapen er i orden.
2. I samband med kontrollen av årsrekneskapen skal revisor gjere ein fullstendig revisjon av rekneskapen, kasse, bank og verdipapir.
3. Rapporten frå revisorane skal sendast styret etter kvar revisjon. Årsmeldinga frå revisorane skal leverast før årsmøtet.
4. Elles viser ein til Pensjonistforbundet sine vedtekter § 13, siste avsnitt.

§ 8 Sekretær

Fylkessekretæren blir tilsett i Pensjonistforbundet. Det blir utarbeidd arbeidsbeskriving i samarbeid med fylkesforeininga.

RETNINGSLINER

Foreiningar tilslutta Pensjonistforbundet

§ 1 Føremål

Foreiningane har som føremål å samle alle pensjonistar i ein einskap for aktivt å verne om medlemmene sine sosiale, økonomiske, helsepolitiske, kulturelle og samfunnsmessige interesser.

§ 2 Retningslinene

- a) Foreiningane arbeider etter retningsliner vedtekne av landsmøtet i Pensjonistforbundet. Dersom foreiningane ønsker eigne retningsliner, må desse sendast styret i fylkesforeininga til godkjenning.
- b) Pensjonistforbundet må kjennast igjen både i foreiningar og lag over heile landet. Foreiningar og lag tek i bruk Pensjonistforbundet føre stadnamnet.
- c) I tilfelle det oppstår usemje mellom styret i lokalforeininga og fylkesforeininga, må saka sendast til sentralstyret i Pensjonistforbundet, som avgjer spørsmålet.
- d) Foreiningane opnar for medlemskap for alle som ønsker det.

§ 3 Årsmøtet

Årsmøte i foreiningane skal haldast innan utgangen av februar månad. Medlemmene må få melding om årsmøtet seinast to veker før det skal haldast. I tilfelle der foreininga ønsker å halde årsmøtet sitt seinare, må det søkjast om dispensasjon frå styret i fylkesforeininga.

§ 4 Årsmøtesaker

- a) Årsmøtet behandler årsmelding og rekneskap, budsjett for inneverande år, innkomne forslag og val.
Godkjend rekneskap, budsjett, årsmelding og årsmøterapport på fastsett skjema skal sendast fylkesforeininga.

- b) Kontingensten blir fastsett av landsmøtet, jf. § 11 i Pensjonistforbundet sine vedtekter.

§ 5 Styret

Styret i foreininga består av leiar og kasserar, ein til tre styremedlemmer og to til tre varamedlemmer som blir valde på årsmøtet. Fylkesstyret kan eventuelt dispensere frå dette. I styret for foreininga må det alltid vere eit fleirtal av pensjonistar.

§ 6 Revisor

Ein revisor skal veljast av årsmøtet, sameleis skal det veljast ein vararevisor. Revisoren sender revisjonsmelding til årsmøtet og eventuell rapport til styret.

§ 7 Andre val

- a) Årsmøtet vel medlemmer til valkomité. Sitjande styremedlemmer kan ikkje veljast til valkomiteen. Elles kan det veljast nødvendige underkomitear i foreininga (turkomité, besøkskomité osb.).
- b) Det skal også veljast representantar til årsmøtet i fylkesforeininga.

§ 8 Val

Alle val skal vere ved absolutt fleirtal, og skriftleg dersom nokon ber om det.

§ 9 Andre saker

Andre saker skal avgjerast ved alminneleg fleirtal.

§ 10 Valperiode

Alle val skjer for to år om gongen såframt foreiningane finn dette praktisk. Ved første gongs val av styre skal halvparten veljast for eitt år og resten for to år. I tilfelle der ein årsmøtevald medlem ikkje lenger er medlem av foreininga, går styret fram slik det er bestemt i Pensjonistforbundet sine vedtekter § 16, punkt 2. Det same gjeld dersom ein medlem går ut av styret. Styret må i desse

sakene leggje fram avgjørda si for medlemmene på første medlemsmøte eller på annan føremålstenleg måte tilpassa lokale forhold.

§ 11 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte blir halde i dei tilfella der styret finn det nødvendig, eller der meir enn 1/3 av medlemmene i foreininga set fram skriftleg krav til styret om ekstraordinært årsmøte. Styret kallar i slike tilfelle inn til ekstraordinært årsmøte, med minst tre vekers varsel. Det ekstraordinære årsmøtet behandlar berre dei sakene som er førte opp i innkallinga.

§ 12 Opplysing

Opplysing av ei foreining må vedtakast på det ordinære årsmøtet og ha minst 2/3 fleirtal, jf. Pensjonistforbundet sine vedtekter § 17, punkt 1 og 2. Vedtaket skal behandlast i sentralstyret i samråd med fylkesstyret.

§ 13 Utmelding

Utmelding av foreininga frå Pensjonistforbundet kan berre skje etter vedtak på det ordinære årsmøtet i medlemsforeininga. Vedtaket må ha minst 2/3 fleirtal, jf. Pensjonistforbundet sine vedtekter § 17, punkt 3

AVSTEMMINGSREGLAR

1. Definisjonar på fleirtalsformer

Alminnelig fleirtal: Eit forslag som har fått meir enn halvparten av dei tekne stemmene. Blanke stemmer blir ikkje rekna som tekne stemmer.

Absolutt fleirtal: Same som alminneleg fleirtal, men blanke stemmer blir rekna som tekne stemmer.

Kvalifisert fleirtal: Eit forslag er vedteke når det oppnår ein på førehand fastsett del av tekne stemmer.

Simpelt fleirtal: Når tre eller fleire forslag blir sette under avstemming samtidig, er forslaget som har fått flest stemmer vedteke. (Slik votering bør i det lengste bli unngått).

2. Ved forslag

Alle saker/forslag blir avgjort ved alminneleg fleirtal. Ved stemmelikskap er instillingen vedteken, dersom vedtekten ikkje seier noko anna.

3. Ved val

For å bli vald, krevst absolutt fleirtal. Blir ikkje dette oppnådd ved avstemminga første gong, blir det gjord bunde omval mellom dei to som har fått flest stemmer. Blir det ved omvalet likt stemmetal, blir det gjort loddtrekking. Dersom det er berre to kandidatar, blir det nytta alminneleg fleirtal.

4. Ved avstemming

Kvar representant har éi stemme, dersom vedtektene ikkje seier noko anna.

Notat

Pensjonistforbundet

Torggata 15

0180 Oslo



Postadresse

Postboks 6714, St. Olavs plass

0130 Oslo

Tlf: 22 34 87 70

E-post: pf@pensjonistforbundet.no

www.pensjonistforbundet.no

www.facebook.com/pensjonistforbundet

Tydeleg, sterk og synleg